



Sak nr 37/2010

Møtedato: 25.8.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 587

S587, Gilen - søknad om uthus

Aslag Hamre søker om å få føre opp eit uthus/kokehus på 26 m² (BRA) som erstatning for uthus/kokehus på 16 m² (BRA). Det gamle kokehuset og fjøset skal rivast.

På stølen er det følgjande bygg:

<u>Hustype</u>	<u>Areal</u>
Sel	74
Fjøs	89
Uthus/skåle	18
Fjøs	59
Sel	62

Hamre driv med ammekyr og stølen er i bruk etter stølsforskrifta og skal behandlast etter §10:

§ 10. Om søknad om å setje opp, utvide og endre hus

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog og SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø. 10

Søknaden er Statskog og Oppland fylkeskommune til uttale.

Statskog gir følgjande uttale i brev datert 19.8.10:

...Forutsatt at eksisterende kokehus/vedbu rives har ikke Statskog merknader til søknaden.

Oppland fylkeskommune gir følgjande uttale datert 25.8.10:

Tegningene viser et bygg med langt større takutstikk enn på de gamle bygningene (iflg. vedlagte fotografier). Form, farger og materialbruk på den bygningen som skal erstattes bør videreføres. Fotografiet av det nye selet viser et eksempel på det motsatte. Tegningene bør forenkles.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene på vilkår av at gammalt fjøs og uthus/kokehus blir fjerna og at bygget blir ført opp i samsvar med merknader frå Oppland fylkeskommune. Reviderte teikningar skal oversendast fjellstyret.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.9.10

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Aslag Hamre
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune